


Norsk nynorsk



Vesle drope



Kan du sjå blad og  
kvistar, tørka under  
den sterke sola?



Lamaane låg heilt  
stille i skyggen av  
trea, mot den varme  
jorda. Den eine  
lamaen sa  
«Åh, eg kjenner meg  
heilt slapp. Eg er så  
varm at eg held på  
å smelte!»



Lamaane lukka auga og drøymde seg bort til grøne, fargerike, frodige dagar! Men då dei opna auga igjen så var det like varmt og tørt.

A landscape painting depicting a dramatic scene. In the upper portion of the image, a bright blue sky is filled with large, billowing white clouds. A single, powerful lightning bolt strikes down from the top center, illuminating the clouds and casting a bright glow. Below the sky, a dense forest of trees is visible. The trees have dark, silhouetted branches that curve and twist across the frame. Some leaves are a vibrant yellow or orange, suggesting autumn. The ground is a mix of dark earth and patches of bright sunlight filtering through the canopy.

Tidleg ein morgen  
kom eit lyn fra  
himmelen.



Der lyne trefte  
bakken, kom ei lita  
flamme.



Flamma spreidde seg  
og blei til ein stor  
brann.




Lamaane byrja å  
springe frå brannen  
i full fart.



Då dei var komne eit  
stykke, stoppa dei for å  
sjå seg tilbake.  
Dei såg heimen sin  
forsvinne i store  
flammer.




Langt der borte, rett  
over den grå røyken  
kunne dei sjå ein bitte  
liten, raud prikk. Prikken  
bevegde seg fram og  
tilbake, fram og tilbake.  
Frå eit vatn, til brannen  
og tilbake til vatnet.



Då dei kikka endå  
nærmore, såg dei ein  
bitte liten kolibri med  
raudt nebb. Kolibrien  
henta vassdropar,  
sleppte dei ned over  
brannen og flaug tilbake  
for å hente meir.



Då byrja alle lamaane å le.  
"Haha, noko så teit!  
Dei bitte små dropane!  
Den vesle fuglen! Kva er det han driv med?», sa den eine lamaen. Ein annan lama humra:  
«Det er det dummaste eg har sett! Hei, du vesle kolibri! Kva trur du at du kan gjere med dei små dropane mot den store brannen?».



Utan å la seg  
forstyrre, svara  
kolibriens «Eg gjer det  
eg kan for å sløkkje  
brannen.»






Lamaane så  
på kvarandre med  
store auge. Den  
eine snudde ryggen  
til kolibriens ...



... og byrja å springe  
av garde. Ein av dei  
andre lamaane  
følgde etter,  
og så ein til. Til slutt  
var alle på veg mot  
vatnet i ei lang  
rekke for å hente  
vatn, slik som den  
vesle kolibriien.





Finn fleire forteljingar på  
[nafo.oslomet.no](http://nafo.oslomet.no)

Forteljinga er laga med illustrasjonar fra Svetlana Voronkova